

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FE - 243	17/220

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
05/2017	Utval for levekår	PS	07.02.2017
08/2017	Kommunestyret	PS	08.03.2017

Søknad om spelemidlar til lokale kulturbygg, rehabilitering av kjøkken på Vonheim, anleggsnr. 1256004801

Vedlegg:

Innsendt søknad om spelemildar - resterande vedlegg

tegninger og illustrasjoner

Innsendt søknad om spillemidler

Innsendt søknad om spillemidler

Vedlegg 5

Vedlegg 1

Vedlegg 6

Vedlegg 4

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Ungdomslaget Von skal rehabilitere kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr 1256004801, og har sendt inn søknad om spelemidlar lokale kulturbygg datert 26.1.2017. Totalkostnaden er på kr 823 685 og ein kan søkje om inntil 1/3 over ordninga. Frist for endeleg innsending til Hordaland fylkeskommune er 15.3.

Vurdering

Vonheim er eit viktig og tradisjonsrikt lokalt kulturbygg og forsamlingshus lokalisert i den vestlege delen av Holsnøy. Bygget er eigd av Ungdomslaget Von, skipa i 1901. Dei eldste delane av bygget er oppunder 100 år, og har vore gjennom fleire renoveringar og utvidingar gjennom åra. I dag rommar bygget sal med scene, toaletter, garderobe, kjøkken og andre mindre rom og lager. Bygget har vorte nytta av musikklag og til lokalteater, og vert i dag mellom anna nytta til barne-, ungdoms- og fritidsklubb, konsertar og samlingar, filmframsyningar, revy, markeringar og utleige. Lokalsamfunnet tek godt vare på huset sitt.

Kjøkkenet er svært mykje nytta og er viktig for den levande mattradisjonen i bygda, der lokale matrettar vert nytta etter gamle oppskrifter både ved mindre og større tilskipingar. Ei framsynt modernisering og rehabilitering av kjøkkenet vil vere til stor nytte for det lokale kultur- og samfunnslivet i denne delen av kommunen. Eit moderne kjøkken vil auke høva for å kunne

kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidler til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

Kommunestyret - 08/2017

KS - behandling:

KS - samrøystes vedtak:

"Kommunestyret stadfestar at Ungdomslaget Von sin spelemiddelsøknad over ordninga til lokale kulturbygg, til rehabilitering av kjøkkenet på Vonheim, anleggsnr. 1256004801, på kr. 274 561 eller 1/3 av totalkostnad på kr. 823 685 får prioritet 1 for søknadar på ordninga for spelemidler til lokale kulturbygg for tiltak i Meland kommune."

Frekhaug 12/5 - 17

Jani Anne Siverson



MELAND KOMMUNE
Rådmann